KIM RYSSTAD

TIMEGLASS

1.

EIN SONG ER EIN SONG

Tekst/melodi: Hans Olav Settem
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Akustisk gitar, banjo, banjoperkusjon, El. gitar effekter: Hallgrim Bratberg
Kor: Håkon Iversen og Kim Rysstad

Ein gamal mann hev gått ein vrien veg
berre for å sjå det han hev kjær.
Ein gamal mann hev trødd framtunge steg,
berre for å nå det han heldt nær.
Hopp frå stein til stein, og aldri gløym,
at ein song er ein song.
Og du kan lye gong etter gong.

Eit gamalt vers hev reist frå mor til dotter,
far til song, og ven til ven.
Eit gamalt vers er lest i store slott,
og slitne hus bygd av tre.
Gå frå dør til dør, men aldri gløym
at ein song er ein song.
Og du kan lye gong etter gong.

Å høyr kor tida syng.
Å høyr kor tida syng seg vidare,
seg vidare.

Eit gamalt ord hev gått frå tid til tid,
men aldri har det vorte gløymd.
Eit gamalt ord er brukt, men aldri brukt for mykje,
ordet heiter draum.
Byks frå berg til berg og aldri gløym,
at ein song er ein song.
Og du kan lye gong etter gong.
Ja ein song er ein song,
og du kan lye gong etter gong.

2.

MI VISE

Tekst: Sinikka Langeland/Ingebjørg Bratland (originaltittel: Blå fisker)
Melodi: Ingebjørg Bratland
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Gitarperkusjon: Hallgrim
Kor: Kim Rysstad

Mi vise til deg i eit djup i eit hav,
og spinne gyldne blå fiskar omkring.
Så bland du di sol, og din lengsel til krav,
i brønn rundt ein død solskinsring.

Vår verd i dag den er vår den er hard,
den er dødsdømd snart sovnar du inn.
Men ber ikkje nagen til der som det var,
for ingen kan stille ein vind.

For eit hav er så mangt, eit liv ikkje langt.
Ei gåte som aldri vil døy.

Det blæs med regn i mitt hav, i mi natt,
og det indre av tvang fylgjer med.
Dykk med i det vakre finn tankanes skatt,
men løysinga får du aldri sjå.

For eit hav er så mangt eit liv ikkje langt,
Ei gåte som aldri vil døy.
Ei gåte som aldri

Slik kom den siste vinden og strauk deg lett,
så va du fri som fisken utan nett.

For eit hav er så mangt, eit liv ikkje langt.
Ei gåte som aldri vil døy.

3.

SEKUND, MINUTT

Tekst: Jorunn Rysstad Fjermestad
Melodi: Kim Rysstad
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Akkustisk gitar: Hallgrim Bratberg

Sekund, minutt og timar går,
og vert til dagar, veker, år.
Og renn som vatn or timeglas,
og øydest liksom lauv og gras.

Lat kje ditt liv i frå deg slik,
det skulle gjort deg glad og rik.
Er ikkje det ei gåve stor,
den største me har fått på jord.

Men heile vakre verdi vid,
er ho då ikkje mi og di?
Ligg ho kje open for vår fot,
om berre me kan ta i mot.

Så lev ditt liv, og bruk ditt pund,
ho er så kort vår livsens stund.
Då kan du fare bort i fred,
når ljoset ditt er brunne ned.

4.

BARNDOMSMINNE

Tekst: Elias Blix
Melodi: Trym Bjønnes
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Resonatorgitar: Hallgrim Bratberg

Å eg veit meg eit land langt der oppe mot nord.
Med ei lysande strang millom høgfjell og fjord.
Der eg gjerne er gjest, der mitt hjarta er fest,
med dei finaste, finaste band.
Å eg minnest, eg minnest så vel dette land.

Der eit fjell stig mot sky med si kruna av snø,
og i lauvklednad ny det seg speglar i sjø.
Og det smiler mot strand med si bringe i brann,
i den solklåre kveld.
Å eg innset, eg minnest så vel dette fjell.

Å eg lengtar så tidt dette lande å sjå,
å det dreg med så blidt når eg langt er i frå.
Med den vaknande vår vert min saknad så sår,
så mest gråta mest gråta eg kan.
Å eg minnest, eg minnest så vel dette land.

5.

FRI SOM FUGLEN

Tekst/melodi: Trym Bjønnes
Vokal/kor: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Akustisk gitar, gitarperkusjon,
banjo: Hallgrim Bratberg

Eg leita rundt i gamalt rot,
og skulebøker på mitt barndoms loft.
Mor mi va' på flyttefot,
støv og gamle klede skulle bort.
Mellom brun kartong og litt sliten poesi,
låg ei lommebok med passfotografi.
Ei bunke brev med strikk ikring,
som lukta søtt av hjartesting,
av hud og løyndomsfulle smil.
Og ei pakt om at me alltid skulle vere fri.
Fri, fri som fuglen.

Med engleblikk og eit hastig kyss,
steig du lett ombord og fór din veg.
Eg stod att på Moder jord,
forbanna alt som minte meg om deg.
Men eg e' kje den som dyrkar sjalusi,
så det va' litt rart at eit passfotografi,
og ei bunke brev med strikk ikring,
framleis gjev meg hjartesting,
ein smak av løyndomsfulle smil.
Ei pakt om at me alltid skulle vere fri.
Fri, fri som fuglen.

Eg undrast stundom litt på kor du drog,
og koss det hadde gått om det vart oss to.

Hev du framleis ei bunke brev,
som luktar søtt av hjartestrev,
av hud og løyndomsfulle smil.
Og ein som ba om at du måtte bli.
Men du va fri.
Fri, fri som fuglen.

6.

SJÅ KVEN DU E'

Tekst: Anne Takle og Kim Rysstad
Melodi: Anne Takle
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Resonatorgitar: Hallgrim Bratberg

Sånn som eg går i stormar,
er du ei gåte innerst i meg.
Der eg må leite lenge,
før eg ser deg å finner kven du e.

La meg få sjå kven du e,
vis meg det.
Du som held om meg,
når eg trenge det.
Lat meg halde di hand,
lei du meg fram.
Så at eg ein gong kan sjå,
sjå kven du e.

Og når eg ber mitt hjarte,
om å få halde deg innat meg.
La meg no finne svaret,
når du vil vise meg det.

Lat meg få sjå kven du e,
vis meg det.
Du som held om meg,
når eg trenge det.
Lat meg halde di hand,
lei du meg fram.
Så at eg ein gong kan sjå,
sjå kven du e.

7.

TRØYSTESONG

Tekst/melodi: Trym Bjønnes
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
El. gitar effekter, akustisk gitar: Hallgrim Bratberg
Kor: Kim Rysstad

Langt over midnatt du stend ved mi dør,
med regnver i håret og eit hjarta som blør.
Eg ser det vel på deg, me veit båe to,
at kjærleikens vegar er blomar og blod.

Eg kan kje gje deg det du vil ha.
Eg kan kje love at alt ska gå bra,
for ivi rotlause hjarte e der ingjen som rår.

Du sit her ved bordet med tårer på kinn,
å kjenner koss trua på framtida svinn.
Men alt det som ligg her i splinter å skår,
gjev kjærleiken kraft når det eingong vert vår.

Eg kan kje gje deg det du vil ha.
Eg kan kje love at alt ska gå bra,
for ivi rotlause hjarte e der ingjen som rår.

8.

STOLNE STUNDER

Tekst: Jorunn Rysstad Fjermestad
Melodi: Kim Rysstad
Vokal/kor: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
Resonatorgitar: Hallgrim Bratberg

Det er i stolne stunder
eg skriv ned mine dikt.
Ser klokka går og dagen skrid.
Du hev kje tid til slikt,
men eg skriv ned mine dikt,
i stolne stunder.

Sjå der ligg tusen gjeremål,
å ventar på di hand.
Du hev kje tid til å drygje,
i dikt og draumeland.

Men sterkare enn er trongen,
som fyller hugen min.
Det soli er for blomen,
er songen for mitt sinn.

Som fuglen syng fordi han må,
og med det nebb han hev.
So synge eg med eige mål,
mine små dikt og stev.

9.

REGNET

TeksTekst: Astrid Tollefsen
Melodi: Kim Rysstad
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien
El. gitar, akustisk gitar, banjo: Hallgrim Bratberg
Kor: Håkon Iversen og Kim Rysstad

Eg ber til regnet og til sol og vind:
Gjev meg eit anna fjes, og eit anna sinn.
Eg ber til skodda og til natt og jord,
lat det eg er forsvinne utan spor.

Gjev meg ein annan kropp, ein annan munn.
Lat alle gløyme meg i denne stund.
Men lat mi kjærlegheit få vere igjen,
og fyll det nye hjarta heilt med den.

Eg ber til regnet og til sol og vind:
Gjev meg eit anna fjes, og eit anna sinn.
Lat eit som ikkje elska rykke til,
når han i andre auge ser ein skugges eld.

10.

HERIFRÅ TIL MÅNEN

Tekst/melodi: Elin Nygård
Flygel: Helge Lien
Gitarar: Hallgrim Bratberg
Kor: Kim Rysstad

Herifrå til månen og heim igjen,
vil eg fylgje din tankje
om du let meg, min venn.
Eg vil, om du sleppe meg til.
Til verdas ende og heim igjen,
vil eg gå saman med deg,
om du ber meg min venn,
Eg vil, om du sleppe meg til.

Eg vil bere deg når du er sliten,
og smilar med deg når du tek av,
kjenner livet er bra.

Ingenting er for lite,
ingenting er for stort.
Eg ska kje skuve deg bort.
Som ei stjerne på him'len ska eg skine for deg.
Så du finne din veg.
Herifrå til månen og heim igjen,
til verdas ende med deg, min venn.

Notta gjenom heilt til ljoset kjem,
vil eg halde di hand,
om du treng det min venn.
Eg vil, om du sleppe meg til.

Eg vil bere deg når du er sliten,
og smilar med deg når du tek av,
kjenner livet er bra.

Ingenting er for lite, ingen ting er for stort.
Eg ska kje skuve deg bort.
Som ei stjerne på him'len ska eg skine for deg,
så du finne din veg.
Ingenting er for lite, ingenting er for stort,
eg ska kje skuve deg bort.
Som ei stjerne på him'len skal eg skine for deg,
så du finne din veg.

Herifrå til månen og heim igjen.
Til verdas ende med deg,
min venn.

11.

SO E' DET NO

Tekst/melodi: Billy Joel
Originaltittel: And so it goes
Norsk gjendikting: Kim Rysstad
Vokal: Kim Rysstad
Flygel: Helge Lien

Me har i hjarta vårt eit rom,
eit rom med varme sterke band.
Som heilar vonde hjartesår,
inntil du løyser frå di hand.

Eg tala til deg vare ord,
du svara ærleg som det va'.
Sjølv kjende eg, eg sa for mangt,
og stilla vart ein løynestad.

Og når eg framfor rosa sto,
var torner alt eg kunne sjå.
So e det no, so e det no,
vert eg den som ser deg gå?

Det verste var jo om du fór,
avdi mi stille skremde deg.
No let eg deg få koma inn,
med von om at ditt val er meg.

No let eg augo mine att,
vil kje lenger ver' på leit.
So e det no, so e det no,
det er jo berre du som veit.

Eit ja frå hjarta ditt min ven,
er alt eg ynskjer ifrå deg.
Men berre du kan ta ditt val,
eg vonar at du velger meg.

No let eg augo mine att,
vil kje lenger ver' på leit.
So e det no, so e det no,
det er jo berre du som veit.

MUSIKARAR

Helge Lien – flygel
Hallgrim Bratberg – strenger

Teknikarar: Hans Andreas Horntveth Jahnsen, Marius Njølstad og Håkon Iversen
Mix: Marius Njølstad og Håkon Iversen
Mastering: Lunds Lyd, v/Morten Lund
ProdusenTekst: Håkon Iversen

Innspelt hjå Propeller Music Division, Oslo, samt i Håkons studio på Nesodden.

Portrettfoto: Jens Haugen
Omslagsdesign, fotomontasjer og foto: ERIK(SEN)

www.grappa.no

HCD7291
®2016 Grappa Musikkforlag AS ©2016 Grappa Musikkforlag AS
n©b All trademarks and logos are protected. All rights of the producer and of the owner of the work reproduced reserved. Unauthorised copying, hiring, lending, public performance and broadcasting of this record prohibited.

TAKK TIL

Helge og Cathrine på Grappa.
Håkon, Hallgrim og Helge – ein trio utan like. Eg er så stolt over at de tre vart med på dette prosjektet og gav liv til alle desse songane!
Hans Olav Settem, Ingebjørg Bratland, Elin Nygård, Anne Takle og Trym Bjønnes for songane de har laga og eg har fått bruke på denne plata.
Mia Fjermestad for bruk av tekstane etter «tante» Jorunn. Sinikka Langeland for dine «Blå fisker». JHStudios for bilete. ERIK(SEN) for nydelig coverdesign.
Ein ekstra stor takk til vener, familie, og spesielt til Truls som alltid er der for meg.

Produksjonen er utgitt med støtte fra Fond for lyd og bilde og Fond for utøvende kunstnere.

1.	EIN SONG ER EIN SONG	3:19
2.	MI VISE	3:19
3.	SEKUND, MINUTT	3:25
4.	BARNDOMSMINNE	3:53
5.	FRI SOM FUGLEN	4:52
6.	SJÅ KVEN DU E’	4:05
7.	TRØYSTESONG	4:01
8.	STOLNE STUNDER	3:58
9.	REGNET	4:54
10.	HERIFRÅ TIL MÅNEN	3:20
11.	SO E’ DET NO	4:56

LC 49093